Norges Skiforbund
Sogn og Fjordane Skikrins

Protokoll

Kva:	Møte nr. 08 i Langrennskomiteen, 2025-2027
Tidspunkt:	Torsdag 13. august kl. 20.00 – 21.30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	REFERATSAKER SAK 66 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste SAK 67 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 0 25-27 i Langrennskomitéen DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER SAK 68 25-27 Innhald i SFE-avtalen SAK 69 25-27 Årshjul og rolleskildring LK SAK 70 25-27 Terminliste 2026-2027 SAK 71 25-27 Møteplan haust ORIENTERINGSSAKER - Møte med krinslagstrenar - Møte med styringsgruppa til Team SørVest EVENTUELT SAK 72 25-27 Stønad til breiddesamlingar
Deltaking:	Erik Brenne, Eline Orheim, Ellen E. Blom, André Haugsbø, Reidun Smørdal Hjelle, Torstein Bolstad Blikra
Forfall:	
Referent:	Bodil Ryste, dagleg leiar Sogn og Fjordane skikrins

SAK 66 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling med sakliste og vedlegg vart sendt ut tysdag 11.8.26

Vedtak:

Langrennskomitéen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 67 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 07 25-27.

Bakgrunn

Protokoll nr. 07 25-27 frå langrennskomiteen lagt ved møteinnkallinga.

Vedtak:

Langrennskomitéen godkjenner protokoll nr. 07 25-27.

DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER

SAK 68 25-27 Innhald i SFE-avtalen

Bakgrunn:
Sponsoravtalen med SFE gjekk ut 30.4.2026, og i etterkant er det jobba med reforhandling av avtalen. SFE reduserer beløpet til kr. 60 000,- og intern fordeling mellom hopp/kombinert og langrenn vert vedtatt i styremøte 13. august (i forkant av LK-møte).

Innhaldet i avtalen har SFE bedt Skikrinsen om innspel til. Dei ynskjer breidde i avtalen, men Skikrinsen kan justere punkt som er avhengig av veret og dermed vanskelege å fylgje opp.

Eit justert framlegg er lagt ved innkallinga, og vert gjennomgått i møtet.

Vedtak:
Dagleg leiar justerer innhald i avtalen etter innspel som kom i møtet, og sender tilbake til SFE saman med justert innhald for hopp/kombinert. Justert avtale er vedlagt protokollen.

SAK 69 25-27 Årshjul og rolleskildring for Langrennskomitéen

Bakgrunn:
LK har meldt inn ynskje om å ha ei betre oversikt på oppgåvene som ligg til komitéen, og ei skildring av dei ulike rollene i komitéen. DL har tatt utgangspunkt i Skikrinsen sitt årshjul og tilpassa eit utkast til LK som omhandlar eit årshjul med oppgåver og ansvarlege, samt ei stikkordsliste til ansvarsområde for dei ulike rollene.

Merk at DL har utfordra dei andre skikrinsane på kva typar «handbøker» og rolleskildringar dei har, og dette vil takast opp i eit møte blant daglege leiarar i slutten på august.

Vedtak:
Dagleg leiar justerer årshjul- og oppgåveliste med dei innspel som kom i møtet, samt tek inn innspel frå dei andre krinsane etter dagleg leiar-møte i veke 34. Dagleg leiar sender deretter ut revidert årshjul- og oppgåveliste til LK.

SAK 70 25-27 Terminliste 2026-2027

Bakgrunn:
Terminliste 2026-2027 versjon 01 vart utarbeidd i møte 07, og i dette møtet avtalar ein vidare framdrift i arbeidet med terminlista:

- Er det nokon justeringar som bør gjerast på utkastet før ei inviterer til møte med langrennsgruppene?
- Tidspunkt for innleiande møte med langrennsgruppene
- Framdrift mot vedtak på Haustmøtet

Vedtak:

- Dagleg leiar reinskriv utkast 01 til terminliste og sender ut til langrennsgruppene samtidig med invitasjon til digitalt terminlistemøte 7. september kl. 20 - 21
- Terminlistemøtet skal vere ein arena der LK formidlar utkastet til terminliste. ber om innspel frå langrennsgruppene og gjer justeringar fram mot endeleg vedtak på Haustmøtet 31. oktober.

SAK 71 25-27 Møteplan haust 2026

Bakgrunn:

DL tilrår at LK lagar ein møteplan for hausten 2026. Andre møte som er avtalt for styret er strategisamling 11. – 12. september, Haustmøtet 31. oktober, samt styremøte på Teams måndag 12.10 og måndag 23.11. Det er per 10.8 ikkje avtalt møte i Rekrutteringsutvalet.

Vedtak:

Møteplan haust 2026 (dagleg leiar kallar inn til digitale møte)

- Måndag 7. september kl. 19.30 – 20.00 og 21.00 – 21.45 (før og etter terminlistemøte)
- Tirsdag 13. oktober kl. 20.00 – 21.30
- Haustmøtet laurdag 31. oktober
- Tirsdag 17. november kl. 20.00 – 21.30
- Tirsdag 8. desember kl. 20.00 – 21.30

ORIENTERINGSSAKER

- Møte med krinslagstrenar
- Møte med styringsgruppa i Team SørVest

EVENTUELT

SAK 72 25-27 Tilskot til Miljøsamling (breiddesamling)

Dagleg leiar tok opp sak om stønad frå Skikrinsen til breiddesamlingar i samband med ei henvending frå Markane IL. Det har i 2024 og 2025 vore gitt ulike tilskot til langrennsgrupper som har arrangert miljø-/breiddesamlingar. Støtta har t.d. gått til utgifter til felles måltid og honorar til unge trenarar. Det har ikkje vore formell utlysing av midlar eller søknadsprosess, men vore gjort avtalar med gruppene. Markane IL og Førde IL/Gaular IL har meldt inn at dei arrangerer miljøsamlingar til hausten, og LK er positive til å bidra. Slike samlingar er viktige rekrutteringsarenaer til langrennssporten, og prioritert i sponsoravtale med Sparebank1 Sogn og Fjordane.

LK drøftar at ein ynskjer klarare retningslinjer for stønad til slike samlingar. For framtida ynskjer LK å lage kriterium til korleis langrennsgruppene kan søke støtte til slike samlingar, til dømes at samlinga må vere open for alle i aldersgruppa, vere meldt inn til Skikrinsen si «terminliste/kalender» og publisert på nettsida, og at ein

ser på ein modell med differensierte summar for
dagssamling, samling med 1 overnatting og samling med 2 overnattingar.

Vedtak:
LK ber i denne omgang dagleg leiar melde frå til arrangørane av miljøsamlingar at dei må lage ein enkel skriftleg søknad om midlar, der dei skisserer ei enkel oversikt på utgifter og kva det vil vere behov for støtte til. Saka bør takast opp igjen på seinare møte for å utarbeide retningslinjer.

Møtet slutt kl. 21.30.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Erik Brenne (s.)
Leiar LK

Bodil Ryste (s.)
Dagleg leiar